

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-121
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
138/21	Utval for areal, plan og miljø	01.09.2021
075/21	Alver formannskap	02.09.2021
105/21	Utval for næringsutvikling og drift	01.09.2021

Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) Høyringsinnspel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune har merknader og høyringsinnspel til Regional transportplan 2022 – 2033 slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Utval for næringsutvikling og drift 01.09.2021:

Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil slutta seg til administrasjonen sin framlagte uttale til RTP, og vil i tillegg peika på at ein er kritisk til om RTP i aukande grad vil bli brukt som grunnlag for motsegn i kommunale plansaker.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 105/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil slutta seg til administrasjonen sin framlagte uttale til RTP, og vil i tillegg peika på at ein er kritisk til om RTP i aukande grad vil bli brukt som grunnlag for motsegn i kommunale plansaker.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høyringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 (RTP) på høyring. Fylkeskommunen ber no om innspel til planen innan fristen 12. september 2021.

RTP består av fire dokument som fylkeskommunen ønskjer innspel på:

1. Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 (hovuddokument)
2. Handlingsprogram til Regional transportplan
3. Strategi for mjuke trafikantar
4. Strategi for berekraftig mobilitet

Hovuddokumentet set prinsipielle føringar for samferdselspolitikken i Vestland fylke. I hovuddokumentet finn ein hovudmål, delmål for kvart plantema og strategiar som seier korleis ein skal nå måla. Planen har fem plantema; fylkesvegnettet, mobilitet og kollektivtransport, Miljøløftet, finansiering og nasjonale ansvarsområde.

I **handlingsprogrammet til RTP** finn ein omtale av kriterium for prioritering og utviklingstiltak. Handlingsprogrammet inneheld ikkje ei liste over investeringar på einskildprosjekt og når dei skal gjennomførast. Ei slik liste vil kome seinare.

Strategi for mjuke trafikantar er fylkeskommunen sin strategi for arbeidet med mjuke trafikantar. Strategien omtalar fylkeskommunale verkemiddel for å auke talet på mjuke trafikantar. Administrasjonen i Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på 1-2 strekkingar langs fylkesveg i kvar kommune som manglar tilrettelegging for mjuke trafikantar og som oppfyller kriteria for prioritering i strategien.

Strategi for berekraftig mobilitet er Skyss sitt strategiske styringsdokument som omtalar retning og utvikling for kollektivsystemet, samt korleis Skyss skal fylle den nye rolla som mobilitetsaktør.

På nettsida til planen (<https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyringsside-rtp-2022-2033/>) finn ein bakgrunnsnotat og utgreiingar som er utarbeidd i samband med planen. Der vil ein finne meir detaljar om dei einskilde tema.

Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemeldingar på både innhald og korleis dei skal prioritere. Med knappe økonomiske ressursar vil dei ha innspel på kva som bør prioriterast opp, men også kva som kan prioriterast ned.

BAKGRUNN

Vestland fylkeskommune utarbeidde framlegg til **planprogram** for RTP 2022 – 2033 våren 2020 og både Regionrådet og Alver kommune sende inn sine merknader til dette. Ein stor del av desse er teke opp att i innspela og merknadane under her.

Alver kommune sine merknader og innspel til RTP-framlegget:

Generelt

Framlegget til RTP 2022 – 2033 har mange gode intensjonar og utgreiingar, men er svært omfattande og generelt og kan oppfattast som lite føreseieleg for kommunen. Fylkeskommunen har også ei mengd andre planar og det kan vere utfordrande for kommunen i det daglege å ha oversikt over hierarkiet i dette plankomplekset.

Både for administrasjon og politikarar i kommunen som skal ha dialog inn mot Fylkeskommunen på prosjektbasis, hadde det vore nyttig med ei forenkla og praktisk framstilling. Mange tema er omtale fleire stader i framlegget.

I den vidare saksutgreiinga her er heile framlegget til RTP samla og kommentert temamessig.

Prioritering av vedlikehaldet

Hovudmålet i planframlegget er at « Vestlandet skal ha eit trykt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling». Med dei avgrensa midlane som fylkeskommunen har til rådje så er framlegget til strategi å « sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging».

- Alver kommune er positiv til denne strategien og ser fram til forbetring av tilstanden på dei mange fylkesvegane i kommunen.
- Samstundes minner ein konkret på at Alversundbrua er ein svært viktig del av dette fylkesvegnettet og at her må det ekstraordinære midlar til.

Porteføljestyring

I planframlegget er det for første gong gått vekk frå konkret budsjettering på prosjekter med avsette midlar og årstal og innført prinsippet **porteføljestyring**. Det forutset at Fylkeskommunen til ei kvar tid skal ha eit overskot av aktuelle prosjekt på Vestlandet og ut frå fastsette kriteria prioritere mellom desse kvart einskild år. Med dei hovudkriteria som ligg til grunn, der tiltaka skal kome flest mogeleg til gode, så vurderer kommunen dette til å bli utfordrande, særleg for dei ytre områda som ligg lengst vekk frå både Bergen og området Knarvik-Frekhaug.

- Her trengs det meir tryggleik for at fylket sine midlar også kjem desse områda til gode.

Mobilitet og kollektivtransport.

Kommunen er einig i at ein må ha særskilt fokus på miljøvennlege reiser i kvardagen, men vil peika på at her er det eit skilje mellom bynære strøk og distrikta. Utfordringane i fylket har store forskjellar og dermed heilt ulike løysingar på korleis transportbehovet kan løysast. I byane og bynære strøk (Bergen og dei næraste kommunesentera) vil det vera utfordringar med omsyn til kapasitet, framkome og luftkvalitet. Der vil satsing på kollektivtrafikk, sykling og gåande vera ein stor del av svaret. For store delar av resten av Vestland vil bilen vera viktigaste framkomstmiddel. Med elbilar forsvinn også forureininga i stor grad og det er plass på vegane til å nytte bilen. Bilen er derfor ein viktig premis for at distrikta skal kunne utvikla seg framover også. Det er ikkje realistisk at ein stor del av transportbehovet i distrikta skal kunne løysast med kollektiv transport.

- Kommunen ynskjer vidare satsing på fossilfrie bilar også ute i distrikta, men då må fylket vera tydeleg i førarsetet når det gjeld å få plass ladestasjonar. Likeins må fylket vera i førarsetet for få til gode løysingar for innfartsparkering, både desentraliserte og i regionsentera, slik at ein reduserer biltrafikken inn mot Bergen.

Mobilitet og nullvekstmålet

Regjeringa presiserer at nullvekstmålet ikkje skal redusere mobiliteten til innbyggjarane i byområdet, men at det skal leggast til rette for den mobiliteten som folk og næringsliv har behov for.

I RTP-ramlegget er det omtala at for å nå nullvekst er det viktig med ein balanse mellom restriktive tiltak, styrking av kollektivtrafikken og meir og betre tilrettelegging for sykkel og gange.

- Alver kommune ser ikkje for seg at ei realistisk styrking av kollektivtrafikken i store delar av kommunen kan kompensere for innføring av restriktive tiltak som vegprising og streng parkeringspolitikk i kommunen.
- Alver kommune er uroa over at einskildtiltaka for å avgrense personbiltrafikken i sum vert svært belastande for innbyggjarane og ber om at fylkeskommunen har ein koordinerande rolle den totale mengda av slike tiltak.

Sjøtransport og blå bybane.

Det vil gå mange år før ny E39 gjennom Åsane er klar til bruk. Den alternative reisevegen Alver - Bergen sentrum med snøggbåten må difor prioriterast høgt av Fylkeskommunen.

- Utviding av rutetilbodet, oppgradering av kaiar, innfasing av miljøvennleg drivstoff og ikkje minst innlemming i takstregulativet tilsvarande Askøybåten er klare føresetnader frå Alver kommune.

Nasjonale ansvarsområde

Fylkeskommunen tek på seg å ivareta eit overordna ansvar for at både fylkeskommunal og statleg infrastruktur fungere i ein heilskap og samanheng. Dette er tydeleg og bra.

Fylkestinget har tidlegare prioritert vegstrekninga E39 Eikefet – Romarheim og E16/E39 Arna – Vågsbotn – Klauvaneset. Kommunen forutset at Fylkeskommunen har påtrykk overfor staten her når det gjeld budsjettering og praktisk gjennomføring.

I framlegget til RTP er imidlertid opplyst at Arna – Fjøsanger må prioriterast framfor vegen mellom Arna og Vågsbotn.

- Alver kommune forutset at strekninga E16 Arna -Vågsbotn er den prioriterte delen av ny Ringveg aust og at dette vert retta opp i RTP-ramlegget.

Beredskap/ Omkøyringsvegar

Grunna den kritiske strekninga mellom Knarvik og Åsane er Alver kommune i ein særstilling når det gjeld omkøyringsvegar og beredskap i Vestland fylke.

- Beredskapssituasjonen for E39 mellom Alver og Bergen må omtalast grundig i RTP, og med aktuelle kompenserande tiltak.

Teknologisk utvikling

Innovasjon og teknologisk utvikling er breitt omtala i framlegget til RTP. Dette er positivt, men kan også ha ei bakside grunna kompleksitet og høg brukarterskel.

- I utviklinga av ny teknologi, særleg innan kollektivreiser, må Fylket og Skyss alltid ta høgde for at brukarterskelen må vere tilpassa alle brukargrupper, og særleg dei med lågast kompetanse og føresetnader på dette temaet.

Vegnormalar og fråvik

Ei forenkling av vegnormalane ved fylkeskommunal utbygging kan medføre meir veg for pengane, men kan også medføre redusert trafikktryggleik og auke i driftskostnadene.

- Alver kommune forutset at ei slik forenkla utføring ikkje medfører at vegne vert nedklassifisert til kommunal veg.

Miljøløftet og soneinndeling

Soneinndeling for måling av nullvekstmålet kan ha sine positive sider, men kan også føre med seg at den ytre sona ikkje får finansiert tiltak i sitt område.

- Alver kommune har vedtatt politisk at ein ikkje ønskjer ei soneinndeling som ein del av noverande byvekstavtale. Ei eventuell soneinndeling bør drøftast nærare ved ei eventuell reforhandling av byvekstavtalen.

Finansiering av Skyss

RTP-framlegget tek til orde for å også nytte bompengar til drift av Skyss. Dette kan opplevast som ei ekstra, direkte skattlegging.

- Eventuell medfinansiering av Skyss sine driftskostnader med bompengar må forankrast i eigen politisk prosess i kommunane med bompengepakker.

Framtidig eigarskap

I framlegget til RTP er det foreslått å avklare føremålstenleg eigarskap til fylkesvegane . Erfaringsmessig betyr dette å sjå på om fylkesvegar kan overførast til kommunane.

For mange av fylkesvegane i Alver er det sterk trong for tyngre vedlikehald og oppgradering, både for vegkropp, veglys og anna. Grunna mellom anna tømmertransport på dei mindre vegane er dette viktig for Alver.

- Alver kommune ser ikkje for seg å få overført fylkesvegar utan at dette er fullt ut økonomisk kompensert.

Godstransport og E39

I RTP-framlegget er det omtala kor viktig det er med eit effektivt kommunikasjonssystem for vare- og kollektivtransport. Samstundes kjem det fram i dokumentet at logistikknutepunktet for Bergensområdet fjernar seg meir og meir frå Nordhordland i åra som kjem. Alver kommune opplever dette som endå eit moment for at fylkeskommunen skal bidra til å få å på plass bygging av ny E39 gjennom nordre Åsane og ringveg vest til Arna.

- Alver kommune ser med uro på den geografiske utviklinga innan godstransporten i bergensområdet.

Strategi for mjuke trafikantar

Framlegg til Strategi for mjuke trafikantar er eit oversiktleg og godt dokument der fylkeskommunen peikar på behovet for samarbeid mellom dei ulike offentlege vegeigarar både når det gjeld både planlegging, drift, vedlikehald, opplæring og kunnskapsutveksling. Alver kommune har nyleg hatt eit tett og godt samarbeid med fylkeskommunen ved utarbeiding av «Sykkelstrategi for Alver 2021- 2031». Dette er eit god grunnlag for ulike prioriteringar innan Miljøløftet og vidareutvikling av det faste samarbeidet med fylkeskommunen og Statens vegvesen.

- Alver kommune ønskjer ein tett dialog med fylket i den vidare arbeidet innan gang- og sykkelinfrastruktur, både med «Strategi for drift og vedlikehald», etablering av fagforum innan

sektoren, samt samarbeid innan utarbeiding av g astrategi for Alver.

Strategi for berekraftig mobilitet

Framlegget burde vore meir konkret n r det gjeld omtale og meir fokus p  konkrete tiltak for n r framtid. Systemskifte mellom ulike transport burde vore eit meir sentralt tema.

- Alver kommune  nsker betre tilrettelegging for at ein kan parkere sykkel ved ulike kollektivterminalar og om bord p  kollektivtransportmiddel, for   kunne gjennomf re heile reisa p  ein milj venleg og tidseffektiv m te. S rleg sn ggb ttilbodet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik har eit slikt potensiale.

Samarbeid Vestland Fylkeskommune og Alver kommune

I RTP-framlegget er utviding av samarbeidet mellom fylkeskommunen og den einskilde kommune i Vestland mykje og godt omtala. Dette gjeld p  alle niv , b de plan, n ring, prosjekt og anna. I h yringsutkastet til Handlingsprogram er det lista opp ei mengd igangverande og nye prosessar som involverer kommunesektoren.

- Med bakgrunn i sin storleik og plassering forventar Alver kommune   vere tungt involvert og medbestemmande i dei aktuelle fylkeskommunale prosessane som er lista opp.

Fylkeskommunale sp rsm l i oversendingsbrevet:

Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkeleg grad?

- Ja, i stor grad, med unntak av den store trongen for   f  p  plass ny stamveg/E39 V gsbotn-Klauvaneset og betre sikring av stamvegen vidare nordover. E39 i dette området st r i ein s rstilling n r det gjeld s rbarheit, b de lokalt i fylket og for heile Vestlandet.

- Er m lsettingane riktige med tanke p  dei utfordringane vi har i fylket?

- Er det god samanheng mellom m l og strategiar ?

- Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium b r eventuelt endrast?

- Er det andre utviklingstiltak som b r inn i handlingsprogrammet til RTP?

- Framlegget til RTP har ei mengd ulike tema og til desse sp rsm la syner Alver kommune til vedtaket i denne saka.

Tilbakemelding lokal prosjekter for mjuke trafikantar:

Fylkeskommunen  nsker tilbakemelding p  1-2 strekningar langs fylkesveg i kvar kommune som manglar tilrettelegging for mjuke trafikantar og som oppfyller kriteria for prioritering i strategien.

- Alver kommune vil framheve stor trong for tilrettelegging av skulevegane for

Seim skule og for **Ostereidet skule** og senter.

I tillegg er det sterk trong for utbetringar av fylkesvegane f lgande stader:

- Austmarka – Hilland, ny G/S-veg
- Holme- Mj tveit, ny G/S-veg
- Isdalst  (Herlandst ), - utvide trong G/S-passasje
- G/S-tiltak i og mot  sane, via Salhus

Link til framlegget til Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 (RTP):

<https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyringsside-rtp-2022-2033/>

